

Førebygging av klimarelaterte naturskadehendinger gjennom god planlegging

Naturfarevurderingar på overordna plannivå

Det er viktig at kommunane vågar å avklare spørsmål knytt til naturfare og klimatilpassing på det overordna plannivået (kommuneplan, områdeplan o.l.), i staden for å utsetje slike vurderingar til reguleringsplan eller byggesak. Avklaringane må uansett gjerast.

I dag tek få kommunar opp slike tema på det overordna plannivået. Dermed risikerer ein å undervurdere risiko og sårbarheit i eit gitt område. For å løfte fram klimatilpassing og naturfare på eit tidleg tidspunkt i planprosessen, er det viktig at fylkesmannen (og evt. fylkeskommunen) fremjar motsegner.

Sjå rapport frå prosjektet:

<http://prosjekt.vestforsk.no/arealklim/files/2015/03/R-delrapport-AP3-final.pdf>

Publisert artikkel frå prosjektet:

https://www.researchgate.net/publication/280803510_The_regional_level_as_boundary_organization_An_analysis_of_climate_change_adaptation_governance_in_Norway

Bli ein betre bestillar!

Når kommunar skal bestille eksterne skredfarevurderingar, bør mykje gjerast før ein kontaktar ein geolog. Å vere ein god bestillar, kan til dømes gå ut på å **samle alt kommunen har** av relevante kart, rapportar og plandokument som geologen kan få bruk for. Kommunane kan òg setje seg inn i når **gamle undersøkingar** av eit område er gode nok, og når nye vurderingar må gjerast.

Flere råd om bestilling av skredfarevurderingar:

http://prosjekt.vestforsk.no/arealklim/files/2014/11/HiSF_notat_08_14_Aa_Bondevik_kommune_skredfarevurdering.pdf



Sentrum av Nordfjordeid i Eid kommune etter ekstremvêret «Dagmar» i 2011. (Foto: Øystein Torheim, NRK)

Ny kunnskap om jordskred

Geologane som deltok i Arealklim, har gjort nye oppdagingar av **korleis jordskred blir utløyste** under kraftig nedbør. Det viser seg at utløytinga kan skje med **mindre helling enn tidlegare kjent**. At jordskred kan løysast ut i relativt slake bakkar der ein har torv oppå morene, var nytt for norske geologar.

Forskarane har også peika på at **varslinga av jordskredfare** ikkje er fullgod. Etter dette har NVE utvikla eit betre rettleiingsmateriale.

Meir om den nyoppdaga utløytingsmekanismen for jordskred:

http://prosjekt.vestforsk.no/arealklim/files/2014/11/HiSF_notat_07_14_Bondevik_et_al_ny_mekanisme_jordskred.pdf

NVE si jordskredvarsling: <http://www.varsom.no/Jordskred>

Skrednett.no har manglar

Arealklim-prosjektet har vist at det er viktig at kommunar og plankonsulentar er klar over at NVE sine varsemkart (www.skrednett.no) **ikkje viser sørpe- og flaumskredfare** slik dei gjer med steinsprang og snøskred. Dette er fordi sørpe- og flaumskred førekjem i slakare terreng.

FAKTAARK frå Vestlandsforskning

NVE bøter no på mangelen ved å utarbeide ei vegleiar knytt til skredvifter. Det er viktig at skredviftevegleriaren blir nytta ved utbygging på eller nær skredvifter.

Temaark om skredvifter frå NVE:

http://publikasjoner.nve.no/faktaark/2013/faktaark2013_02.pdf



(Foto: Oddleif Løseth, NRK)

Drøft klimatilpassing på regionale planforum!

Naturskade kostar, og kommunar kan risikere å eit stort erstatningsansvar dersom dei ikkje gjennomfører dei mange førebyggjande tiltaka som klimaendringane krev. Dei faste møta i regionale planforum, der kommunane set dagsorden, er **ein høveleg arena for å drøfte klimatilpassing og naturfare**. Ein gjennomgang viser at planforum i liten grad er blitt brukt til dette føremålet.

Les vidare i rapporten:

<http://prosjekt.vestforsk.no/arealklim/files/2015/03/R-delrapport-AP3-final.pdf>

Folk veit mykje om naturfarar

Når det gjeld naturfare, går mange kommunar glipp av livsviktig kunnskap som alt finst blant innbyggjarane. Ved å setje ned ei **lokalkunnskapsgruppe**, kan ein få fram alt det lokalkjende og eldre folk veit om skredhistorikken i eit område. Ein kan òg bruke høyringsprosessar til å få fram denne typen kunnskap.

Les meir i rapport frå prosjektet:

<http://prosjekt.vestforsk.no/arealklim/files/2015/03/R-delrapport-AP3-final.pdf>

Les artikkel frå prosjektet:

https://www.researchgate.net/publication/280803510_The_regional_level_as_boundary_organization_An_analysis_of_climate_change_adaptation_governance_in_Norway

Prosjektnettstad:

[Arealplanlegging og beredskap for fremtidens klima \(Arealklim\)](#)

Prosjektleder:

dr. Halvor Dannevig
Vestlandforskning
e-post: hda@vestforsk.no
Mobil: 976 76 397

Prosjektdeltakarar:

Høgskulen i Sogn og Fjordane
avd. for ingeniør- og naturfag

Bjerknessenteret for klimaforskning (BCCR)

«God arealplanlegging er avgjerande for å unngå at klimarelaterte naturskadehendingar fører til skadar og tap av liv »

Halvor Dannevig, prosjektleder